

Festidalen treng fleire frivillige.

14.07.2017



Frå informasjonsmøtet for frivillige i fjor.

- Det går helst bra. Vi er ganske fullbemanna fredagen, men vi treng masse folk laurdagen, seier Mona Enes som styrer frivilliggruppa til Festidalen saman med Lene Gjuvsland Skjelnes når vi spør om korleis det ligg an med frivillige til årets store festivalhelg, Festidalen. - Dette vert nok eik ny kjekk helg i Uskedalen, legg ho til.



Å syta for mat til Festidalen-gjestene er ei av mange frivilligoppgåver.

Ho fortel at svært mange av dei frivillige går att år etter år. Dei er med fordi dei synes det er kjekt, og dei vert dermed ein del av det gode fellesskapet som dei frivillige på Festidalen har. Det er også ein god del tilreisande som melder seg som frivillige, og ein del av desse går også att år etter år. Dersom dei er tilreisande frivillig og treng overnatting, få dei bu gratis på Festival Campen.

Frivillige som arbeider ei vakt fredag eller laurdag, får gratispass den andre kvelden. Frivillige som arbeider før og etter festivalen får dagpass eller helgepass. Om dei arbeider over 10 timer får dei dagpass og 20 timer helgepass


I tillegg får vi som frivillige Festidalen t-skjorte, invitasjon til å vera med på ein frivillegfest, god mat medan vi jobbar og vi får ikkje minst vera del av eit vanvittig godt samhald.

Det er altså mange som har meldt seg til 'den kjekkaste dugnaden denne sommaren', men det det trengs framleis om lag 75 fleire, dei fleste til oppgåver laurdagen.

- Laurdag er det behov innan dei fleste oppgåver. Vi treng folk både i bar- og matgruppa. Vi treng vakter både vanlege vertar og folk til å hjelpe til på scene med bering av utstyr. Nattvakter på festivalcampen treng vi, og ikkje minst treng vi fleire til nedrigging og rydding søndag.

Mona Enes seier at dei kan mælda seg til teneste via Festidalen si heimeside, [www.festidalen.no](http://www.festidalen.no), men dei kan også kontakte Mona Enes (489 94 337) eller Lene Gjuvsland Skjelnes (415 17 746) dersom dei lurer på noko så finn ein alltid noko som passar.

Mona Enes seier vidare at dei synes det er ei veldig kjekk oppgåve å leia frivilligarbeidet under Festidalen. Dei møter så veldig mykje positive og kjekke folk som tydeleg gleder seg til å vera med. Det gjer Mona også, og ho føler dei har bra kontroll sjølv om dei framleis manglar omlag 75 frivillige.





Dugnadsfolk er det i alle aldrar. Frivilligoppgåvane vi skriv om her, er for dei over 18. Det er inga øvre aldersgrense. Veldig kjekt, og eg

